

Møteprotokoll STYREMØTE FNF Møre og Romsdal

Dato: Torsdag 31. mars 2016

Stad: FNF sine lokaler på Tribunebygget

Kl: 12.30-1530

Frammøtte: Åsa Fredly (NJFF), Ola Fremo (FNR), Øystein Folden (NAT), Geir Haugli (SF), Ingbjørn Bredeli (FNF). Åsmund Steen (ÅST) hadde meldt forfall.

Sakliste

Sak 01.06 Referat og muntlege orienteringar

- A** Gjennomgang av årsmøte 2016
- B** Snørekøyring med tråkkemaskin i Stordal
- C** Friluftsskular 2016 – kven skal ha slike i 2016/samarbeid om desse
- D** Kontaktmøte sykkel med SVV og fylkeskommune

Sak 02.16 Godkjenne referat fra 03.02.16

Forslag til vedtak:

Styret godkjenner referatet fra møtet 3. februar 2016.

Vedtak

Styret tek referatet fra AU-møtet 3. februar 2016 til orientering.

Sak 03.16 Styrets arbeid i 2016


Etter hvert årsmøte er det naturleg for styret å ta ein gjennomgang av arbeidsoppgåver, presentasjon av nye styrerepr., budsjettsituasjon (kr 363 844 pr 14 mars), vedteken handlingsplan, FNF – rolleforståing i AU/styret, mal for møteprotokoll med saksframlegg og forslag til vedtak.

Forslag til vedtak

Styret arbeider vidare etter den vedtekne handlingsplan og budsjett for 2016.

Vurdering

Det vart vurdert alternative løysingar på måtar å få inn tilskotet frå Norsk Friluftsliv. Når det gjeld prosjektmidlar saknar ein oversikt over dette. Øystein har laga ein mal på korleis ein kan gjere dette. Det vart fremja ønskje om å ha ein kontordag på Sunnmøre ein gong i månaden.



Vedtak

Friluftsrådet Nordmøre og Romsdal sender over ei kvartalsrekning for utgiftene med FNF-koordinatoren til Norsk Friluftsliv. Elles arbeider styret vidare etter den vedtekne handlingsplan og budsjett for 2016. Ein vurderer kva ein månadleg kontordag på Sunnmøre vil ha av innhald og ressursbruk.

Sak 04.16 Rekreasjonsløyper for snøskuterkøyring

Avisa Driva fortel at det no er aktivitet i vente i Surnadal når det gjeld å legge til rette for rekreasjonsløyper for snøskuter. Det ligg då normalt eit løp der kommunen skal registrere friluftslivsinteresser og ein del andre interesser, for så å kunne godkjenne ei skuterløype som kan nyttast blott til lyst. FNF bør vere aktiv i ein slik prosess, så vi kan avgrense skaden mest mogleg. Det gjer vi mellom anna ved å be om å få tilsendt alt som kjem på høyring, så kommunen veit at vi følgjer med. I tillegg kan vi bidra med at vi spelar inn moment i debatten. Eit moment som ser ut til å ha verknad er pengebruken knytt til planlegging og tilrettelegging for ei ressurssterk gruppe som «skuterfolket». Viss vi spør kommunen om kva dei har sett av når det gjeld pengar og personellressursar til enkelt friluftsliv i år, og vidare kva dei har sett av til planlegging av skuterløype, så får vi truleg nokre moment som kan brukast til litt av kvart.

Det er elles truleg Nesset og Rindal kommunar som er mest truande til å jobbe med slike spørsmål, men det kan sjå ut til at Nesset ikkje brukar tid på dette no, og Rindal har nok stoppa sin prosess til ein viss grad. I Rindal har dei prøvd å oversjå oss før, så det kan vere eit poeng å varme opp kontakten så dei ikkje så lett gløymer oss.


Siste oppdatering frå Hogne Frydenlund i Nesset kommune av 3 mars 2016; «*Når det gjelder snøscooterløyper har dette ikke vært prioritert. Trolig er det heller ikke noe som blir jobbet med de neste årene. I alle fall ikke i 2016, trolig heller ikke i 2017. Kartlegging av friluftsområder har jeg på arbeidslista at jeg skal gjøre noe med før påske.*»

Spurte Bodil Gjeldnes i Surnadal kommune om kor langt kartlegging- og verdsettingsarbeidet var kome der den 3 mars 2016 (purring på ein førespurnad av 18 nov 2015). Ho svarte; «*Arbeidet med kartlegging og verdsetting av friluftsområde i Surnadal har nok stoppa opp sida innsatsen våren 2015. Ikkje noko har skjedd sida. Plana er å kome i gang igjen i løpet av denne våren. Vi kommer nok til å justere noko på forslaget frå 2015. Tror det bør bli meir konkret i høve til areal- og punkt med tilrettelegging for friluftsliv. Forslaget frå i fjor var nok for lite spesifikt med for store areal vist som verdifulle for friluftsliv. Dette skapte forvirring og stor lokal skepsis og motstand. Vi i administrasjonen og arbeidsgruppe greide ikkje å snu denne haldninga. Forslaget ville neppe blitt godkjent politisk, så vi fant det best å stoppe opp for å justere kursen. Nytt forslag blir sendt ut på ny høyring, dvs. også til FNF.*»

Sivert Dombu, saksbehandlaren i Rindal kommune, sendte etter førespurnad frå FNF i mars 2016 (og nov 2015) dei samla innspela til skuterløypeplana i Rindal (sjå vedlegg).

Forslag til vedtak

FNF lagar eit brev til Surnadal kommune knytt til rekreasjonsløyper som me gjorde det i vårt brev til Rindal av 25.02.2015 (sjå vedlegg). Sender ein kopi til alle andre kommunar i fylket.



Vurdering

Ein ser at kartlegging og verdsetting av friluftsområder heng i hop med rekreasjonsløyper til snøskuterkøyning.

Vedtak

FNF lagar eit brev til Surnadal kommune knytt til rekreasjonsløyper som me gjorde det i vårt brev til Rindal av 25.02.2015 (sjå vedlegg). Sender ein kopi til Nesset kommune og Rindal kommune. I brevet skal ein spørje om kva ressursar (økonomisk/personell) kommunen sett av til denne saka.

Sak 05.16 Fast årleg driftstilskot til alle organisasjonane i FNF

KFUK-KFUM speidarane; dei to siste organisasjonane våre som ikkje er med på fast årleg driftstilskot utan søknad. Kva gjer me ? Det er kanskje eit poeng å tilskrive fylkeskommunen og forklare forskjellen på KFUK-KFUM og KFUK-KFUM – speidarane og ber om at dei blir likestilt med dei andre org.

Forslag til vedtak

FNF skriv eit brev til fylkeskommunen og forklarar forskjellen på KFUK-KFUM og KFUK-KFUM – speidarane og ber om at dei blir likestilt med dei andre organisasjonane i FNF knytt til tilskot.

Vurdering

Ein diskuterte om moglegheita for løyve midlar frå FNF-kassa til KFUK-KFUM – speidarane inn til dei kjem inn på fast årleg driftstilskot.

Vedtak

FNF skriv eit brev til fylkeskommunen og forklarar forskjellen på KFUK-KFUM og KFUK-KFUM – speidarane og ber om at dei blir likestilt med dei andre organisasjonane i FNF knytt til tilskot. Me sjekkar først ut kva summar som er løyvd dei siste åra.

Sak 06.16 Kartlegging/verdsetting av friluftsområder


Me treng å bruke kreftene knytt til kartlegging og verdsetting i ein kommune som me trur dreg same retning som oss. Kva med å ta kontakt med ein kommune som Giske og hjelpe dei til å lage eit opplegg saman med dei slik at me kan vise til denne kommunen til andre kommunar som skal kartleggje i åra framover ?

Forslag til vedtak

FNF tek kontakt med Giske kommune og inviterer seg inn på eit startmøte med kommunen. FNF sett ned ein arbeidsgruppe knytt til dette arbeidet bestående av repr. frå Sunnmøre Friluftsråd og ÅST (og andre org. som finn dette arbeidet interessant).

Vurdering

Giske kommune har allereie kartlagt og verdsatt friluftsområda sine der SF har vore delaktig. Det kan tyde på at me får mykje gratis og at arbeidet består av arbeide med utplukk og tilrettelegging av dei viktigaste friluftsområda og tilkomsten til desse (turparkering).



Vedtak

FNF tek kontakt med Giske kommune og inviterer seg inn på eit startmøte med kommunen. FNF sett ned ein arbeidsgruppe knytt til dette arbeidet bestående av repr. frå Sunnmøre Friluftsråd og ÅST (og andre org. som finn dette arbeidet interessant).

Sak 07.16 Jordvernforening

Det er etablert ei jordvernforening i Møre og Romsdal. Denne foreninga er basert på personleg medlemsskap med Bondelaget som sekretæriat (sjå vedlagte vedtekter). FNF er vald inn i styret der ved koordinator utan at me er spurt. Det er naturleg for FNF å køyre felles saker med Jordvernforeninga der det er fellesnemnarar, men ikkje å sitte i styret. Dette knytt til vedtektene i FNF. Ein kan eventuelt vurdere å tilby Jordvernforening ei tilknyttingserklæring med FNF, men dette er ei årsmøtesak jfr. FNF-vedtektene.

Forslag til vedtak

FNF svarar Jordvernforeninga i Møre og Romsdal med at FNF ikkje kan sitte i styret i jordvernforeninga og at FNF gjerne vil samarbeide om konkrete jordvernsaker.

Vedtak

FNF svarar Jordvernforeninga i Møre og Romsdal med at FNF ikkje kan sitte i styret i jordvernforeninga og at FNF gjerne vil samarbeide om konkrete jordvernsaker.

Sak 08.16 Gaupe i Møre og Romsdal

Det er felt 6 gauper i fylket i år. Er dette forsvarleg knytt til innavlskoeffisient og bæreeemne ? Ønskjer me gaupe i fylket vårt ? Var dei gaupene som er felt i 2016 ei fare for våre husdyr og vår natur. Kan me greie å kome med eit innspel her av opplysende karakter i tråd med handlingsplana vår for 2016 som seier; «*Biologisk mangfald - Våre medlemmer er engasjert i mange spørsmål som vedkjem biologisk mangfald. FNF skal medverke til at kunnskap og arbeid med dette kan delast av dei andre medlemmene, og formidlast til andre.*»

Forslag til vedtak

FNF lagar ein informasjonsartikkel om gaupe i Møre og Romsdal.

Vurdering


Dette er for krevjande å einast om.

Vedtak

FNF lagar ikkje ein informasjonsartikkel om gaupe i Møre og Romsdal.

Sak 09.16 Møteplan 2016

For å ha en forutsigbarhet i møtevirksomheten til styret i FNF i 2016 er det lurt å sette opp en plan for når styremøta skal gjennomførast. Dei seinare år har ein hatt om lag 5 møter pr år.



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Forslag til vedtak

Forslag til møtedagar i 2016; måndag 9 mai på Vestnes (etter FNF-samlinga 27-29 april), 9 juni, Vollasetra i Sunndal 19-20 aug.? (kombinerast med slåtten der), 3 okt i Ålesund, 1 des i Molde.

Vurdering

Det er lurt å planleggje møta i god tid og ein går for ei møteplan.

Vedtak

Forslag til møtedagar i 2016; måndag 9 mai på Vestnes (etter FNF-samlinga 27-29 april), Vollasetra i Sunndal 13 august (kombinerast med slåtten der), 3 okt i Ålesund, 1 des i Molde.

Sak 10.16 Eventuelt - Konstituering

Jfr vedtektene skal styret konstituere seg bortsett frå leiar som årsmøtet valde.

Forslag til vedtak

Forslag om å velgje nestleiar og moglegheiten til å stille med vara.

Vurdering

Det er organisasjonen som stiller med repr. Dvs at det er naturleg at den som sit i styret sender ein vara ved behov.

Vedtak

Vald til nestleiar til styret er Åsmund Steen. Styret er positiv til at repr. stiller med vara til styremøta. Dette blir teke opp til årsmøtet neste år slik at vedtektene blir vurdert endra på dette punktet.

Åsa Fredly
Styrelleiar

Ingbjørn Bredeli
FNF-koordinator

Vedlegg

- Referat fra styremøte 3. februar 2016
- FNF sitt brev til Rindal kommune av 25.02.2015 om rekreasjonsløyper
- Rekreasjonsløyper i Rindal – samla presentasjon
- Møteref. frå sykkelmøte med SVV og fylkeskommunen 3 mars 2016
- Vedtekter for Jordvernforening i Møre og Romsdal